

No 214 ¹ Tone: Tillags aat alle kan

Han

Naar fædrar samlast med borni saman
Til fest aa gilde til *frygd* aa *gaman*
Daa er det *hugsamt*; men særleg daa,
Naar aalvors merkje einkvar hev paa.

Ho

Det aalvorsmerkje so du no nemde
So serleg gjere os festleg stemde
So skapar *trevna* eg er so fri
Eg *spyr* kva merkje bestaar seg i.

Han

Det aalvorsmerkje som du skal bæra
Du gjev da *gilda* si *vyr*d aa æra
Da alt da glupa so fagert gror
Da vil du fremja i *gjerd* aa ord.

Ho

Ja var det soleis det var kje illa
At elskjen var til da *glupa* gilla
Daa ville rosar aa silkjestrar
Slaa rot aa *brydda* i kvar ei kraa.

Han

Nei no det stormar i alle leidar
Eit *storver* gjeng yver alle heidar.
Eitt skrik eitt skraal i kvar krok aa kraa
For folkje synast dei er for smaa.

Ho

Ja store karar vil alle vera
Vil leva glup, men vil lite gjera
Ha dyre klede vil leva feitt
Vil ganga tørskodd aa liggja heitt.

Han

Eg meiner allting er visleg skipa
Kva einskild finn det so glupt aa grepa
Slik skulegong aa slik disiplin
Slik strev aa staak til aa vera fin.

Ho

Eg høyre berre folk tyt aa skjelle
I krins aa kraa yver heila stelle
det snur seg soleis at syndens soll
Gjeng upp i lønningar skat aa toll.

Han

No liv aa helsa ein alt kan tryggja
No stort ein braaka naar ein vil byggja.
No slepp ein ro aa no slepp ein ga,
No alt ein pløye no slepp ein spa.

Ho

No er da dampar motor aa bilar
aa gjennom fjelli ein no seg kilar
Aa *boar* sprengjes ein slusar grev
Aa glupt ein tener paa *sore* strev.

Han

Du veit i pengar da ligg no magti
I dei ligg føda i dei ligg *dragti*
I dei ligg vyrdna i dei ligg kløkt
Ja krig aa galskap paa dei er bygt.

Ho

Aa ja skal pengane mannen leida
Aa raada lande daa vert det greida
Nei mannavite som raada ska
Daa gjeng det mannen aa landet bra.

Han

Ja pengar er det som stend for *hiten*
De *glupt* aa rida paa eigen hest
Aa eigen herre er allebest.

Ho

Ja herrar veit me vil lite gjera
Kven er da daa so skal dra aa bera.
Kven daa skal sopa alt *ruskri* burt
Dar fyl med alle baa bos aa lort.

Han

Dt gjeng no halvo baa mann aa kvinnor
Maa ymse sopa baa golv aa *grinnor*
Vist heve kvinnor mest kav aa sut
Men karfolk heve no aag sin lut.

Ho

Det bær i høgdi, ein gjeng paa stylte
No kvar den tingjen maa vera *gylte*
Aa er det heimförd fraa andre land
Daa er det gildast daa gjeng det an.

Han

Me karfolk meina at kvinnor lika
At ein er spretten i høgdi kika.
Sjaa nedi moldi aa grava der

Det stygt aa skjete aa smaalegt er

Ho

Med paraply aa ei knøta taska
Ein etter vegane for aa traska.
Ser alti upp aa kor kan dei daa
Faa duga paa pa da so feiast maa.

Han

Um me os mala um me os *krøta*
Ein blæs aa flire me *narri* møta
Eg veit kje kor eg skull pynta meg
Aa serleg gjeng eg paa friarveg.

Ho

Ja fria da kan ein lata væra
so slepp ein *krøta* aa til deg gjera
Daa kan ein spara seg harm aa sut
At ein vert vanvyrd aa blæsen ut.

Han

Vort upphav la det i mannablode
Ei traai ei elsking so ditta *toe*
Hev halde seg indtil idag
At mann aa kvinna trivst best ilag

Ho

At mann aa kvinna skal saman leva
Aa ægteskape sin *vyrdna* gjeva
Det Gud hev skipa, i visdom daa
Me baate godskap aa kjærleik sjaa.

Han

De da æ gildt du vil mann aa kvinna
Skal leva saman aa *vyrdna* vinna.
De gjerna so ein for gapen er
Aa aalvorsmerkje me inkje bær.

Ho

Forloving elsking aa ægteskape
Med dei ting apa ein bær da gale
Aa du kor stygt aa uhyggjeleg
Guds straffedom maa ein venta seg

Han

Eg heve tenkt paa da lenge sia
Ein skulle meira med aalvor fria
De himlens skipning fra fyrsta ti.
Aa uti alt sjaa me kjærleik i.

Ho

So fri no Ola aa finn deg kona
At meg da raaka eg trur aa vona
Men du maa elska, da sei eg deg
Men kan du ikkje, so rør kje meg.